

Sakshandsamar: Tore Larsen  
Telefon: 57 65 51 52  
E-post: tla@fmsf.no

Vår dato  
27.01.2011  
Dykkar dato  
24.11.2010

Vår referanse  
2010/15599 - 562  
Dykkar referanse

Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo

## Høringsuttale til framlegg om utgreiingsområde for havvind

Vi viser til brev frå OED datert 24.11.2011 og medfølgjande høyringsdokument "Havvind – Forslag til utredningsområder".

Det blir i brevet gjort merksam på at departementet i hovudsak ønskjer innspel om kapittel 10 (utkast til planprogram for strategisk konsekvensutgreiing) og kapittel 9 (kunnskapsbehov), og dessutan innspel om kva tema ein meiner er viktigast å utgreie i strategisk KU og seinare i prosjektspesifikke KUar. Departementet ønskjer også innspel om kva område som bør prioriterast først når det gjeld strategiske konsekvensutgreiingar.

Dette er viktige spørsmål, da vår erfaring med konsekvensutgreiingar for vindkraftanlegg generelt er at mange av dei held dårleg kvalitet når det gjeld vurderingar knytte til natur og miljø, og i enkelte fall ikkje kan brukast som grunnlag for nødvendige vurderingar.

Vi vil i denne uttalen konsentrere oss om korleis miljøverdiar er omtalte i høyringsframlegget.

### Kunnskapsbehov (kapittel 9)

Alle konsekvensutgreiingar som har vore til gjennomsyn hos Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ein ting til felles: Dei har ingen informasjon om fugletrekk, sjølv om dette etter vår meining burde vere ein sjølvstøtt del av konfliktvurderingar for vindkraft. I Noreg er kjennskapen til fugletrekket høyst fragmentarisk, det vi veit er at mange artar både av sjøfuglar og "landfuglar" følgjer kyststripa under trekket, og at vêret påverkar flyhøgda. Mange fugleartar trekker om natta, og med tanke på at fuglar kan høyre særst lågfrekvent lyd er det sannsynleg at lyden av dønningar er ein av fleire faktorar som påverkar fuglane si orientering og navigering. Det er sannsynleg at det mest massive hausttrekket av landfuglar frå nordvest-Russland og det nordlege Skandinavia går langs kysten av Noreg, totalt fleire millionar fuglar pressa inn i ei relativt smal stripe i overgangen mellom land og sjø.

I det same, avgrensa arealet finn vi så godt som alle meldte og omsøkte vindkraftanlegg i Noreg. I Sogn og Fjordane er det så langt vi kjenner til berre eitt meldt anlegg som ikkje er lokalisert til den ytste kyststripa, og av dei utgreiingsområda som er omtalte i høyringsutkastet gjeld to av tre i Sogn og Fjordane kystnære, botnfaste anlegg.

Med tilvising til kapittel II i naturmangfaldlova og paragrafane om kunnskapsgrunnlaget (§ 8), føre-var-prinsippet (§ 9) og samla belastning (§ 10), er det ikkje berre rimeleg, men etter vårt syn eit krav at fugletrekket langs kysten må kartleggjast før ein går vidare med ei strategisk konsekvensutgreiing som omfattar dei botnfaste anlegga i høyringsframlegget. Vi kjenner ikkje til kvifor slik kartlegging ikkje allereie er gjort i Noreg, for i Sverige har fugletrekk blitt kartlagt med radar i alle fall sidan 1960-talet. Radarkartlegging av fugletrekket i tid og rom vil vere vesentleg for fleire, om ikkje alle dei føreslåtte studia som er lista opp i del 9.1.1 i høyringsutkastet.

Med utgangspunkt i det som er nemnt over, vil vi føreslå at temaet for del 9.1.1 ("Sjøfugl, havørn, hubro og vadere") utvidast til å gjelde også fuglar som trekker langs kysten. I Sogn og Fjordane er dei to botnfaste utgreiingsområda Olderveggen og Frøyagrunnene plasserte så nær land at dei venteleg vil kunne kome i konflikt med trekkruter for andre artar/artsgrupper enn dei som er nemnte i overskrifta.

Vi deler elles synet om at ein truleg i svært liten grad kan overføre kunnskap frå studiar i andre land (t.d. Danmark) til norske tilhøve.

### **Utkast til planprogram for strategisk konsekvensutgreiing (kapittel 10)**

Direktoratgruppa legg til grunn at "de strategiske konsekvensutredningene som grunnlag for beslutning om åpning av areal skal fremskaffe nødvendig kunnskapsgrunnlag for vurderinger etter naturmangfoldlovens kap II". For at dette skal skje, må ein del av innhaldet i kapittel 10 justerast noko. Til dømes står det i punkt 10.2.2 om KU at "utredningene skal omfatte foreslått planområde og eventuelt tilgrensende områder for de tema der det er relevant." Å avgrense utgreiingsområdet til planområdet for utbygginga har vore ein vesentleg svakheit ved så godt som alle vindkraftplanar til no. Havmiljøet er endå mindre statisk avgrensa enn miljøet på land, og vi vil derfor føreslå ei klårgjerande omformulering, til dømes "utredningene skal omfatte foreslått planområde og influensområder for alle tema der det er relevant." At verknader skal klargjerast også i anlegga sine influensområde bør ikkje vere ope for behovsvurderingar, det vil i så fall bety å overføre til sjø den uheldige praksisen frå planlegging av vindkraftverk på land. Kravet om vurdering av samla belastning i naturmangfoldlova (§ 10) blir heller ikkje følgd tilstrekkeleg opp på land med dagens praksis, og vi meiner at når ein no opnar for utbygging av havanlegg må dette kravet innarbeidast frå starten. Dette tilseier at utgreiingane må vurdere påverknader langt utanfor planområdet.

I tråd med kommentarane til kapittel 9 om at verknader av kystbaserte vindkraftanlegg vil kunne påverke andre fuglegrupper enn sjøfugl, føreslår vi også følgjande endring i del 10.3.3, første punkt (endringar i kursiv):

#### *Fugler*

Virkninger for arter, bestander, habitater og *trekkruter* av *fugl* som kan bli vesentlig berørt skal beskrives. Utredningene skal vurdere eventuelle virkninger forårsaket av arealbeslag, forstyrrelse, støy og uhellshendelser. Det skal fokuseres på arter på den norske rødlista, arter der Norge har et særskilt internasjonalt ansvar og arter med høy sårbarhetsindeks (WSI).

For trekkruter bør verknader ikkje avgrensast til spesielle fugleartar. Problematikk knytt til vandringer kan også vedkome andre dyregrupper enn fugl, og det bør derfor vurderast om ikkje trekkruter skal vere eit eige, femte punkt i opplistinga i del 10.3.3.

### **Om datagrunnlag og val av utgreiingsområde**

Sogn og Fjordane er truleg det viktigaste området i den norske delen av Nordsjøen (dvs. sør for Stad) når det gjeld sjøfugl, både sommar og vinter. Vi vil derfor peike på at det datagrunnlaget som er brukt i høyringsdokumentet er gammalt og unøyaktig, i alle fall når det gjeld Sogn og Fjordane. NINA sitt material skriv seg frå 1980-talet, og det er truleg dette materialet DN sine avgrensingar av særleg viktige område (SVO) baserer seg på. Dette kan kanskje vere grunnen til at det i omtalen av utgreiingsområda Frøyagrunnane (6.2.4) og Olderveggen (6.2.5) ikkje er nemnt at begge grensar til verna område. Frøyagrunnane ligg like utanfor Frøyskjæra naturreservat, mens grensa for Olderveggen går gjennom Veststeinen naturreservat og like nord for Klovningen naturreservat. På Veststeinen åleine hekkar mellom halvparten og ein tredel av sjøfuglane i Sogn og Fjordane, da dette er ein av to lundekoloniar i fylket og det sørlegaste av dei typiske fuglefjella i landet (den andre lundekolonien er i Einevarden mot nordaust, som også vil ha Olderveggen som del av sitt næringssøksområde). Fylkesmannen og Statens Naturoppsyn gjennomfører årlege teljingar av hekkande fugl i sjøfuglreservata, og har oppdaterte data om bestandssituasjon og utbreiing. Delar av dette materialet er oversendt Veritas for innlegging i Marin Ressursdatabase (MRDB).

I del 6.2.8.1 manglar omtale av verneområda i Sogn og Fjordane. Utgreiingsområdet Frøyagrunnane ligg i fødesøksområdet for sjøfugl i naturreservata Frøyskjera, Vengane, Nord-Hovden og Aralden, mens utgreiingsområdet Olderveggen ligg i fødesøksområdet for sjøfugl i naturreservata Veststeinen, Klovningen, Stallbrekka og Einevarden.

Når det gjeld del 6.2.8.2, kan vi i tillegg opplyse at utgreiingsområdet Frøyagrunnane grensar til, og delvis ligg inne i to vinterområde for sjøfugl (Frøyskjera nord og Frøyskjera sør), mens utgreiingsområdet Olderveggen grensar til vinterområda Veststeinen og Klovningen. Områda er klassifiserte etter MOB-systemet (vurderingar knytt til oljevernberedskap), med verdi B for Frøyskjæra-området både sommar og vinter, og verdi A for både Veststeinen og Klovningen sommar og vinter. Fylkesmannen sit som nemnt med oppdaterte data om hekkebestandane av sjøfugl i områda, men når det gjeld vintertilhøva er det behov for betre kartlegging.

Det utdaterte grunnlagsmaterialet for sjøfugl som er brukt i høyringsutkastet betyr at Figur 6-15 over verna og særleg verdfulle område i Nordsjøen ikkje gir eit godt nok bilete av noverande situasjon. SVOen Bremanger-Ytre Sula kan delast i to, der den nordre delen må trekkjast nord til havområdet frå Stad til Frøyagrunnene. Trass i dette gir dei andre karta i høyringsutkastet eit relativt godt inntrykk av dei faktiske tilhøva, slik vi vurderer dei (Figur 4.1, 4.2, 4.5, 4.6, 4.7, 6.16 og 6.17). Kartet over hubro (Figur 4.3) er mangelfullt, med tanke på at det skal vise alle kjente hekkeplassar uavhengig av når dei har vore i bruk, og på kart 4.4. manglar myteområde for ærfugl nord i Sogn og Fjordane. Men viktigast i denne samanhengen er det nok at karta over kumulativ sårbarheit for sjøfugl gir eit bra inntrykk av dei faktiske tilhøva, i alle fall vurdert ut frå den kunnskapen Fylkesmannen har på området.

#### **Prioritering av område i første fase med strategiske konsekvensutgreiingar**

Ut frå den same kunnskapen vurderer vi særleg utgreiingsområdet Olderveggen, men også Frøyagrunnene, som svært konfliktfylt med tanke på miljøverdiar. Olderveggen blir liggande i næringsområdet til dei to største sjøfuglkoloniane i fylket, og særleg for lundefugl som kjem svermande inn til koloniane i tusental, frå havnivå opp til nokre hundre meters høgde, vil verknadene kunne bli svært negative. Vi er ikkje sikre på om dette betyr at desse områda bør prioriterast i første fase når det gjeld strategiske konsekvensutgreiingar, eller om dei ikkje bør prioriterast i det heile, men vi hellar vel til det siste.

Når det gjeld utgreiingsområdet Stadhavet, som er lokalisert endå lenger ute enn det allereie meldte prosjektet Stadvind, vil vi peike på at det ligg føre lite data. Området bør derfor etter vårt syn prioriterast i første fase når det gjeld strategiske konsekvensutgreiingar, både fordi kunnskapen om området er mangelfull og fordi det allereie finst etablerte vindkraftinteresser i området.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
fylkesmiljøvern sjef

Tore Larsen  
rådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Kopi pr. e-post: Direktoratet for naturforvaltning